



## E K S A M E N

**Emnekode:** HI-124  
**Emnenamn:** Særemne før 1800: Kriminalitet og konflikthandtering i Noreg ca. 1500-1700

**Dato:** 10. desember 2009  
**Varighet:** 0900 - 1100

**Sidetal inkl. framside** 2

**Tillatne hjelpemiddel:** Ingen

**Merknader:**

---

### NYNORSK

#### Faktaspørsmål

1. Kva var eit 'leiermål'?
2. Kva var eit 'målstemne'?
3. Kva var 'soning'?
4. Kor mange kjeldebelagde tiltaler og avrettingar for trolldom er kjende i Noreg (ca.-tal)?
5. Kva var straffa for signeri ifølgje Christian 4.s trolldomsforordning av 1617?
6. Kva heitte embetet som frå 1572 skulle ha tilsyn med heile styringsverket i Noreg?
7. Kva innebar det for gjerningsmannen når eit drap blei vurdert som 'ubotamål'?
8. Kva er ei 'primærkjelde'?
9. Kva er skilnaden på ei 'normativ' og ei 'deskriptiv' (beskrivande) kjelde?

#### Omgrep

10. Forklar kort kva som ligg i omgrepet 'riksrådskonstitusjonalisme'.
11. Kva meiner ein med 'legalisme'?

FORTSETTER NESTE SIDE

12. Forklar kort kva som ligg i Fernand Braudels omgrep 'la longue durée' (den lange tid).

### **Kortsvarsoppgåver**

13. Vis korleis og kvifor sorenskrivarens innverknad på domsavseiingar endra seg over tid.

14. Kva kan vere grunnar til at det var fleire drap og meir vald i det såkalla 'valdsbeltet', enn i andre delar av landet?

15. Tingbøkene og sakefallslistene (bøtelistene) i lensrekneskapane kan gi oss ulike bilete av kriminaliteten. Kvifor?